

Aaland Arkitektkontor treng fleire medarbeidarar

Aaland Arkitektkontor AS held til i Stryn sentrum og er eit rådgjevande arkitekt- og ingeniørselskap, som driv med fleirfagleg rådgjeving innan bygningar, anlegg og arealplan. Selskapet har i dag 7 tilsette og utgjer eit betydeleg kompetansmiljø i vårt distrikt. Vi har oppdrag langt utover vårt nærrområde og deltek i prosjekteringsgrupper på fleire større prosjekt.

Sivilarkitekt

Vår oppdragsmengd aukar og vi ynskjer difor å få tilsett ein sivilarkitekt. Vi skisserer, prosjekterer, modellerer og utarbeider komplette anbudsgrunnlag for både private og offentlege aktørar. Våre oppdrag er gjerne knytt til arkitektur for seg, eller i kombinasjon, og ofte også i samanheng med fleire andre fagfelt, som t.d. plan, konstruksjon, VVS, elektro og fornybar energi.

Vi ønskjer at du:

- Har godt humør, engasjement og trivast med høgt tempo.
- Er utdanna sivilarkitekt.
- Gjerne har 2 års relevant yrkeserfaring innan arkitektur, men nyutdanna vert oppmoda om å søke.
- Har stor interesse for og god kunnskap innanfor programvare tilknytt fagområdet.
- Har gode evnar og vilje til å arbeide både sjølvstendig og i team.
- Har gode leiareigenskapar.
- Har gode evnar til skriftleg og munnleg framstilling på norsk.

Vi kan tilby:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver, med gode utviklingsmoglegheiter.
- Spanande arbeidsmiljø med stor fagleg breidde.
- Ein arbeidsplass med fokus på miljø – både fagleg, i utføring av arbeidsoppgåver og sosialt.
- Naudsynt opplæring.
- Konkurransedyktige tilsetjingsvilkår.
- Flotte lokaler i Stryn sentrum.
- Etter opplæringsperiode, noko heimekontor.

Søknad og CV sendast til jih@investconsult.no, seinast 15.04.2019.

Merk søknad med «Sivilarkitekt»

Kontaktpersonar: Nils Kristian Arnestad, tlf. 48425708/Jan-Inge Hage, tlf. 975 11 472